



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

St.prp. nr. 17

(2004–2005)

Om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2004 m.m. under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet av 12. november 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Olje- og energidepartementet fram forslag til endringar på statsbudsjettet for 2004 i samsvar med kapittel 2. Vidare blir det gjort greie for forslag om statleg garanti knytt til deponi for lågradioaktivt avfall i kapittel 3, budsjettkonsekvensar i samband med aksjesalet i Statoil ASA i kapittel 4, oppfølginga av oppmodingsvedtak nr. 469 (2003–2004) i kapittel 5 og bruk av fullmakter under Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (SDØE) i kapittel 6. I kapittel 7 blir endringar i eigarskap i anlegg på St. Fergus i Skottland omhandla. I kapittel 8 blir utviklinga i Snøhvit-prosjektet omhandla.

2 Endringar på statsbudsjettet for 2004

Kap. 1800 Olje- og energidepartementet (jf. kap. 4800)

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Det blir foreslått å auke løyvinga med netto 23,9 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2004. Endringa har samband med utgifter i sam-

band med aksjesalet i Statoil ASA i juli 2004 (om lag 25,2 mill. kroner). Kongen har i 2004 fullmakt til å overskride løyvinga til å dekkje honorar til meklarar og utgifter til fagleg rådgjeving ved sal av statlege aksjepostar og andre endringar som kan få innverknad på eigarstrukturen i Statoil, jf. St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2003–2004). Nedsalet er omtalt i denne proposisjonen under kapittel 4 Budsjettkonsekvensar i samband med aksjesalet i Statoil ASA.

Vidare blir det foreslått å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner som inndeckning for økte utgifter under kap. 1825, post 21.

Nytt forslag til løyving blir etter dette 55,452 mill. kroner.

Kap. 1810 Oljedirektoratet (jf. kap. 4810)

Post 01 Driftsutgifter

Det blir foreslått å auke løyvinga med 0,525 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2004. Endringa har samband med at to personar er overførte frå Petroleumstilsynet til Oljedirektoratet. Tilsvarende reduksjon blir foreslått under kap. 642 Petroleumstilsynet. Nytt forslag til løyving blir etter dette 151,449 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Det blir foreslått å auke løyvinga knytt til OD sin oppdrags- og samarbeidsverksemd med 18 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2004. Utgiftene knytt til oppdrags- og samarbeidsverksemd har blitt høgare enn tidlegare budsjettert. Utgiftsauken blir motsvara av ein tilsvarende inntektsauke under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet. Nytt forslag til løyving blir etter dette 73,6 mill. kroner.

Kap. 1820 Norges vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 4820 og 4829)*Post 01 Driftsutgifter*

Det blir foreslått å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2004. Endringa har samanheng med auka arbeid knytt til miljøtilsynet grunna auke i antall småkraftverk. Miljøtilsynet er gebyrfinansiert, jf. kap. 4820, post 01. Nytt forslag til løyving blir etter dette 235,904 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres

Det blir foreslått å redusere løyvinga knytt til NVE sin oppdrags- og samarbeidsverksemd med 5 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2004. Endringa har samanheng med forseinking i delprosjekt i mellom anna Mosambik, Vietnam og Sør-Afrika. Utgiftsreduksjonen blir motsvara av ein tilsvarende inntektsreduksjon under kap. 4820, post 02 Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet. Nytt forslag til løyving blir etter dette 49 mill. kroner.

Post 22 Sikrings- og miljøtiltak i vassdrag, kan overføres

I etterkant av flaumen i Midt-Noreg våren 2004 har det vore naudsynt å gjennomføre fleire akutte sikrings- og oppryddingstiltak som det ikkje tidlegare er budsjettert med. Ein stor del av arbeidet kan dekkjast inn ved auka inntekt på 4,1 mill. kroner knytt til distriktsbidrag ved forbyggingsprosjekt som ikkje tidligare er budsjettert, jf. kap. 4820, post 40.

På bakgrunn av ovannemnde blir det foreslått å auke løyvinga med 4,1 mill. kroner, frå 69,25 til 73,35 mill. kroner.

Kap. 1825 Omlegging energibruk og energiproduksjon*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overføres*

Løyvinga dekkjer i hovudsak utgifter knytt til deltaking i EUs rammeprogram «Intelligent energi for Europa» og aktivitetar innan fornybar energi og energibruk.

Gjeldande løyving for 2004 vil ikkje vere tilstrekkeleg til å dekkje kontingentutgifter for 2004 knytt til «Intelligent Energi for Europa».

På bakgrunn av ovannemnde blir det foreslått å auke løyvinga med 1,3 mill. kroner, frå 11,8 til 13,1 mill. kroner.

For å dekkje inn merutgiften blir det foreslått ein tilsvarende reduksjon av løyvinga under kap. 1800, post 21.

Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten

Forslag til nye løyvingar er basert på ein oppdatert prognose for 2004 frå Petoro AS. Petoro tek hand om SDØE for staten. Prognosen frå Petoro er basert på rekneskapsføring per 31. august 2004 og overslag for resten av året.

Det er lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på kr 265 per fat for 2004. I revidert budsjett 2004 blei det lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på kr 200 per fat.

Som følgje av at fjerningstilskotslova er oppheva, budsjetterast ikkje lengre fjerningsutgiftene under eigen post i budsjettforslaget. Desse utgiftene blir frå no av ført under kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter. Som følgje av dette blir anslaget på kap. 2440, post 22 satt til null for 2004.

Det blir foreslått ei løyving på 100 mill. kroner under kap. 2440, ny post 25 Pro et contra-oppgjer. Løyvinga har samanheng med korrigeringar i pro et contra-oppgjeret knytt til salet av 6,5 pst. SDØE-eigardelar i 2002.

Overslaget for kap. 2440, post 30 Investeringer er redusert med 400 mill. kroner, frå 19 500 til 19 100 mill. kroner. Dette skuldast mellom anna at nokre investeringar i Langeled er flytta frå 2004 til 2005, endra boreprogram for Norne og Gullfaks og mindre investeringar i KEP 2005-prosjektet på Kårstø enn tidlegare budsjettert.

Det blir foreslått ei løyving på 120 mill. kroner under kap. 5440, ny post 01 Pro et contra-oppgjer. Løyvinga har samanheng med korrigeringar i pro et contra-oppgjeret knytt til salet av 6,5 pst. SDØE-eigardelar i 2002.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 24 400 mill. kroner, frå 103 200 til 127 600 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg at forventa oljepris for 2004 er auka i høve til prisen som blei lagt til grunn i gjeldande budsjett samt eit større sal av gass enn tidlegare budsjettet.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 300 mill. kroner, frå 21 200 til 21 500 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak auka kostnader knytt til større sal av gass.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.3 Lete- og feltutviklingsutgifter er redusert med 300 mill. kroner, frå 1 100 til 800 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg mindre leiteboring enn tidlegare budsjettet.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.4 og post 30 Avskrivninger er redusert med 100 mill. kroner, frå 14 300 til 14 200 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak at investeringane er mindre enn tidlegare budsjettet.

Overslaget for kap. 5440, underpost 24.5 og post 80 Renter av statens kapital er redusert med 500 mill. kroner, frå 7 200 til 6 700 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg at rentefoten for rekning av renter på staten sin kapital er redusert.

Endringane nemd ovanfor fører til at kap. 5440, post 24 Driftsresultat aukar med 25 000 mill. kroner, frå 59 400 til 84 400 mill. kroner.

Overslaget for kap. 5440, post 50 Overføring fra Statens petroleumforsikringsfond er budsjettet til 800 mill. kroner.

Tabell 2.1 Endringar på statsbudsjettet 2004 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten (i mill. kroner)

Kap.	post Underpost	Nemning	Gjeldande løyving ¹	Forslag til ny løyving	Endring
2440	22	Fjerningsutgifter, overslagsbevilgning	10	0	-10
	25 (ny)	Pro et contra-oppgjør		100	100
	30	Investeringer	19 500	19 100	-400
	50	Overføringer til Statens petroleumforsikringsfond	1 113	1 113	0
Sum kap. 2440			20 623	20 313	-310
5440	01 (ny)	Pro et contra-oppgjør	0	120	120
		24.1 Driftsinntekter	103 200	127 600	24 400
		24.2 Driftsutgifter	-21 200	-21 500	-300
		24.3 Lete- og feltutviklingsutgifter	-1 100	-800	300
		24.4 Avskrivninger	-14 300	-14 200	100
		24.5 Renter av statens kapital	-7 200	-6 700	500
	24	Driftsresultat	59 400	84 400	25 000
	30	Avskrivninger	14 300	14 200	-100
	50 (ny)	Overføring fra Statens petroleumforsikringsfond	0	800	800
	80	Renter av statens kapital	7 200	6 700	-500
Sum kap. 5440			80 900	106 220	25 320
Kontantstrøm frå SDØE:					
		Innbetalingar ²	103 200	128 520	25 320
		Utbetalingar ³	42 923	42 613	-310
Nettokontantstrøm frå SDØE			60 277	85 907	25 630

¹ Gjeldande løyving for 2004 er basert på Stortinget sitt løyvingsvedtak av 8. desember 2003 og seinare endringar i 2004 (revidert budsjett), jf. St.prp. nr. 63 og Innst. S. nr. 250 (2003–2004).

² Innbetalingar = driftsinntekter + pro et contra-oppgjer ifm. sal av SDØE-eigardelar + overføring frå Statens petroleumforsikringsfond

³ Utbetalingar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader + fjerningsutgifter + investeringar + overføring til Statens petroleumforsikringsfond + pro et contra-oppgjer ifm. sal av SDØE-eigardelar.

Desse endringane medfører samla sett at netto kontantstraumen frå SDØE blir auka med 25 630 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving, frå 60 277 til 85 907 mill. kroner.

Kap. 2490 NVE Anlegg (jf. kap. 5490, 5491 og 5603)

Post 24 Driftsresultat

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.1 Driftsinntekter blir foreslått auka med 1,5 mill. kroner, frå 42,5 til 44 mill. kroner. Endringa har samanheng med auka inntekter frå eksterne og interne oppdrag.

Overslaget for kap. 2490, underpost 24.2 Driftsutgifter blir foreslått auka med 2,1 mill. kroner, frå 35,7 til 37,8 mill. kroner. Endringa har samanheng med auka innkjøp og anleggskostnader i samband med anleggsarbeid.

Som følge av ein gjennomgang av berekninga av renter og avskrivningar blir overslaget for kap. 2490, underpost 24.3 Avskrivningar foreslått redusert med 0,9 mill. kroner, frå 5,9 til 5 mill. kroner. Overslaget for kap. 2490, underpost 24.4 Renter av statens kapital blir foreslått auka med 0,3 mill. kroner, frå 0,9 til 1,2 mill. kroner.

Ovannemnde endringar i underpostar medfører ingen endringar i det stipulerte driftsresultatet til NVE Anlegg under kap. 2490, post 24.

Kap. 2442 Disponering av innretningar på kontinentalsokkelen

Post 70 Tilskudd, overslagsbevilgning

Tilskot etter fjerningstilskotlova dekkjer staten sin del av utgifter knytt til fjerning. Fjerningstilskotet blir utbetalt av Olje- og energidepartementet etter krav frå selskapa. Det gjenstår framleis fjerningstilskotssaker frå tida før fjerningstilskotlova ble heva. Operatørane har revidert sine rekneskap for fjerning, og behovet er no lågare enn tidlegare budsjert. På denne bakgrunnen blir det foreslått å redusere løyvinga med 30 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2004. Nytt forslag til løyving blir etter dette 140 mill. kroner.

Kap. 4810 Oljedirektoratet (jf. kap. 1810)

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet

Det blir foreslått å auke løyvinga med 18 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2004, jf. omtale og tilsvarende auke under kap. 1810, post 21. Nytt forslag til løyving blir etter dette 49,8 mill. kroner.

Post 03 Refusjon av tilsynsutgifter

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2004. Endringa har samanheng med at estimerte timar for OD var for høge etter delinga av Petroleumstilsynet og OD. Nytt forslag til løyving blir etter dette 7,5 mill. kroner.

Post 04 Salg av undersøkelsesmateriale

Inntektene under posten kommer frå sal av seismisk undersøkingsmateriale til oljeselskapa. Det er stor tvil knytt til desse salsinntektene. Dei fleste aktørane på norsk kontinentalsokkel har allereie kjøpt dei seismiske datapakkane som til no er gjort tilgjengelege (Norskehavet og Barentshavet sør). Inntektene i framtida vil derfor avhenge av sal av geofysiske og geologiske datapakkar i Barentshavet nord.

OD har så langt i år ikkje selt nokon datapakkar, og ein reknar ikkje med at det vil bli selt datapakkar seinare i år heller. Løyvinga blir derfor foreslått redusert med 1 mill. kroner, til null.

Kap. 4811 Statoil ASA

Post 90 Salg av aksjer

Olje- og energidepartementet gjennomførte i juli 2004 eit sal av om lag 116,8 mill. aksjar i Statoil ASA. Transaksjonen blei gjennomført i to delar. Totalt 100 mill. aksjar blei først selde i eit blokkosal utanom børs til investeringsbanken Lehman Brothers. I tillegg blei det gjennomført eit sal av om lag 16,8 mill. aksjar til privatpersonar i Noreg og i EØS-området.

Dei totale inntektene frå salet utgjer kr 9 858 595 950. Olje- og energidepartementet foreslår derfor ei løyving på kr 9 858 596 000 under posten.

Nedsalet er nærare omtalt i denne proposisjonen under kapittel 4 Budsjettkonsekvensar i samband med aksjesalet i Statoil ASA.

Kap. 4820 Norges vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 1820)

Post 01 Gebyr- og avgiftsinntekter

Det blir foreslått å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2004, jf. omtale og tilsvarende endring under kap. 1820, post 01. Nytt forslag til løyving blir etter dette 23,4 mill. kroner.

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsvirksomheten

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2004, jf. omtale og tilsvarande endring under kap. 1820, post 21. Nytt forslag til løyving blir etter dette 36,4 mill. kroner.

Post 40 Sikrings- og miljøtiltak i vassdrag

Det blir foreslått å auke løyvinga med 4,1 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving for 2004, jf. omtale og tilsvarande endring under kap. 1820, post 22. Nytt forslag til løyving blir etter dette 18,5 mill. kroner.

Kap. 4860 Statsforetak under Olje- og energidepartementet*Post 70 Garantiprovisjon, Statnett SF*

Løyvinga blir foreslått redusert med 0,5 mill. kroner, frå 11,9 til 11,4 mill. kroner. Endringa har samanheng med at Statnett sin lånemasse med statsgaranti er blitt redusert.

Kap. 5490 NVE Anlegg (jf. 2490)*Post 01 Salg av utstyr mv.*

Løyvinga blir foreslått redusert med 0,7 mill. kroner, frå 1,2 til 0,5 mill. kroner. Endringa har samanheng med reduserte inntekter frå sal av utstyr.

3 Statleg garanti knytta til deponi for lågradioaktivt avfall

Ved produksjon av olje og gass blir det danna avleiringer i røyr og anna produksjonsutstyr. Slike avleiringer kan innehalde konsentrasjonar av naturleg førekommande lågradioaktive stoff (LRA).

I samband med handsaminga av ei utgreiing av moglege løysingar for sluttdeponering av LRA frå olje- og gassproduksjon, konkluderte Sosial- og helsedepartementet i brev av 8. mai 2000 med at det var trong for eit deponi på land. I påvente av eit permanent deponeringsalternativ blir i dag meir enn 200 tonn LRA mellombels lagra på oljebasar langs norskekysten etter tillating frå Statens strålevern. Statoil eig det meste av dette avfallet og har det fordelt på basar i Florø og på Sotra. Statens strålevern har gitt mellombels løyve til å lagre LRA på denne måten.

Regjeringa er oppteken av så raskt som mogleg å få på plass ei permanent løysing for lagring av

LRA som er forsvarleg både med omsyn til miljø, helse og økonomi.

Deponi for LRA i Sokndal

Nor Engineering AS har sia 1998 arbeidd med å etablere eit deponi for LRA i Sokndal i Rogaland. Dei naudsynte kommunale vedtaka er fatta, og det er gjennomført ei konsekvensutgreiing etter plan- og byggingslova. Forureiningslova er ikkje gjort gjeldande for radioaktive stoff, men avfallet har delvis høgt innhald av olje- og tungmetall i tillegg til å vere lågradioaktivt. Søknad om løyve til deponering, etter forureiningslova er godkjent av Statens forurensningstilsyn (SFT). SFT legg til grunn at det ikkje skal førekomme forureinande utslepp frå deponeringa. Statens strålevern (Strålevernet) gav løyve for drift av deponi i Sokndal til Nor Engineering Miljø AS (NEM) 26. februar 2004. Strålevernet har i løyvet for drift stilt krav til statleg garanti for å sikre helse og miljø i eit langsiktig perspektiv, før deponiet blir teke i bruk.

Føremålet med den statlege garantien er å sikre forsvarleg lagring av deponert avfall, og eventuelt mottak og lagring av ytterlegare avfall på lang sikt. Det inneber at staten garanterer for at anlegget skal drivast vidare, eventuelt stengjast og følgjast opp på ein forsvarleg måte, dersom driftsselskapet for anlegget ikkje skulle vere i stand til å drive vidare. Garantien knytt seg såleis til anlegget og ikkje til driftsselskapet for deponiet, og vil derfor ikkje dekkje eventuelle økonomiske forpliktingar dette selskapet måtte ha ved overtakingstidspunktet.

Økonomien i anlegget

Nor Engineering har så langt hatt utgifter knytt til planlegging, utgreiingar og tillatingar m.m. Det gjenstår vidare utgifter knytta til etablering og bygging av anlegget før det kan setjast i drift. Inntektene vil komme i form av betaling frå oljeselskapa for lagring av LRA i deponiet.

Det er gitt driftstillating for eit anlegg med kapasitet på inntil 3 350 tonn ferdig stabilisert LRA, dvs. om lag 1 675 tonn LRA. Kor store mengder LRA det kan bli aktuelt å deponere utover det som mellombels ligger lagra på oljebasane er svært usikkert, mellom anna på grunn av uvisse knytt til den framtidige friklassegrensa for slikt avfall. Noreg har i dag ei høg grense i forhold til resten av Europa, og det føregår ein prosess både i EU og mellom Strålevernet og andre europeiske strålevernsmyndigheiter for å harmonisere friklassegrensene for mellom anna LRA. Ein eventuell reduksjon i friklassegrensa vil kunne komme til å auke voluma av LRA som må deponeras.

NEM vurderer driftsutgiftene for anlegget til å vere avgrensa.

Driftsselskapet vil få utgifter til frakt, mottakshandsaming og stabilisering når det tek i mot LRA. Deponering av ei relativt avgrensa mengd tonn LRA skulle kunne dekkje dei årlege driftsutgiftene. Dersom tilgangen på ny LRA for deponering stansar, vil kostnadene i hovudsak vere knytt til oppfølging og overvaking av anlegget, evt. også nedstengning dersom tilgangen stansar permanent. Oppfølging og overvaking vil i følgje NEM utgjere nokre hundre tusen kroner per år.

Risiko for ulykker

Scanpower A/S har som eit ledd i konsekvensutgreiinga gjennomført vurderingar av ulike hendingar som kan tenkjast å oppstå i samband med transport og drift av deponiet. Dei har konkludert med at dei radiologiske konsekvensane for personar utanfor deponiområdet ved normal drift vil vere heilt ubetydelege. Heller ikkje unormale hendingar i driftsperioden vil ha signifikante konsekvensar for miljø eller menneske utanfor anleggsområdet. Selskapet konkluderer vidare med at faren for at det skal oppstå situasjonar som kan føre til ukontrollerte utslepp og stråledosar til befolkninga i området, både i driftsperioden og i deponiperioden, etter alt å dømme er veldig låg.

Scanpower har vurdert den verst tenkjelege hendinga til å vere ei utforkjøring under transport av LRA på lastebil til deponiet i Sokndal. Ei slik utforkjøring kan i verste fall føre til at avfallsdunkar blir øydelagde, og at LRA blir spreidd til omgjevnadene. Ein reknar da med at rednings- og opprydningsmannskapene kan bli utsett for stråledosar opp til 30 μ Sv, gitt at dei bruker støvmasker dersom det er fare for luftbore støv. Dei rekna dosane ligg ein faktor 10 under den anbefalte grenseverdien på om lag 300 μ Sv for stråledose frå ei enkeltkjelde til ikkje-yrkeseksponerte. Faren for at ei transportulykke skal skje er rekna som veldig låg.

Alternative lokaliseringar

Det er også planar om å etablere eit deponi for LRA i Gulen kommune i Sogn og Fjordane. Før ein kan søkje om løyve til drift må det gjerast ei konsekvensutgreiing. Strålevernet har våren 2004 fastsatt eit program for konsekvensutgreiing av Gulen-alternativet. Erfaring tilseier at prosessen fram til det kan gjevast løyve vil ta 1–2 år. Derfor er det i dag ikkje sikkert at Gulen vil bli eit reelt alternativ til Sokndal.

Olje- og energidepartementet er kjent med at

Statoil i 2004 har gjennomført ein anbudsprosess både mot NEM (Sokndal) og aktørane i Gulen. Det blei bedt om bindande tilbod på deponering av LRA som ligg mellombels lagra i dag, og på 0–20 tonn LRA per år i åra framover. Statoil har i etterkant av denne anbudsprosessen tildelt spesialavfallsbedrifta Wergeland-Halsvik i Gulen kommune i Sogn og Fjordane kontrakt for transport, førhandsaming og deponering av lågradioaktivt avfall (LRA).

Departementet si vurdering

Ein statleg garanti vil gjelde frå det tidspunkt deponiet blir sett i drift. Dei største kostnadene ved eit deponi er knytt til planlegging, utgreiing, etablering og bygging av deponiet, og desse vil vere nedlagt før den statlege garantien trer i kraft. Garantien er knytt til anlegget og ikkje til driftsselskapet for deponiet, og vil derfor ikkje dekkje eventuelle økonomiske forpliktingar dette selskapet skulle ha ved tidspunktet for ein eventuell overtaking. Dersom den statlege garantien av ein eller annan grunn skulle bli utløyst, reknar ein derfor med at statens utgifter blir små. Samtidig blir det lagt til grunn at berre eitt anlegg vil få ein slik garanti, då dette i seg sjølv vil redusere sjansen for at garantien blir utløyst.

Dersom drifta skulle bli stansa og deponiet stengd, vil statens utgifter komme i form av kostnader til forsegling og sikring av anlegget, samt kostnader knytt til overvaking/oppfølging. I fall staten driv anlegget vidare, vil staten måtte dekkje driftsutgifter, men samtidig vil inntekter frå mottak av ny LRA kunne gje netto inntekter. Statens utgifter ved utløysing av ein garanti for deponiet i Sokndal, er rekna å liggje innanfor ei ramme på 5 mill. kroner. Det er då ikkje tatt høgde for kostnader til overvaking seinere år dersom deponiet blir stengt. Dersom forpliktinga til staten krev løyving utover ramma på 5 mill. kroner, vil dette bli forelagt Stortinget på vanleg måte.

Skader på tredjeperson ved vidare drift eller etter stenging og eit statleg erstatningsansvar som følgje av dette, blir vurdert som lite sannsynleg. Vurderinga er gjort på bakgrunn av tilgjengeleg materiale og gjennomførte møter med Strålevernet og NEM.

Regjeringa ønskjer å få på plass ei løysing for permanent lagring av LRA frå oljeindustrien. Det er viktig å vise at Noreg tek seg av LRA på ein tilfredsstillande måte. Vidare er det i dag ikkje klart om eit deponi i Gulen vil få dei naudsynte løyva og dermed vil kunne bli eit reelt alternativ til Sokndal. Regjeringa foreslår på denne bakgrunn at staten følgjer opp kravet frå Strålevernet om statleg garanti for

deponiet i Sokndal, jf. Forslag til vedtak II. Utforminga av forpliktinga vil ein måtte ta opp til ny vurdering dersom eventuelle endringar i lovverket skulle tilseie det, eller ved trong for endring av beløpsgrensa.

4 Budsjettkonsekvensar i samband med aksjesalet i Statoil ASA

Stortinget ga i april 2001 Olje- og energidepartementet fullmakt til å ta inn nye og andre eigarar i Statoil ASA (Statoil) i tillegg til staten tilsvarende 1/3 av verdien til selskapet, jf. St.prp. nr. 36 og Innst. S. nr. 198 (2000–2001). I samband med delprivatiseringa og børsnoteringa av selskapet i juni 2001 blei 18,3 pst. av aksjane i selskapet selde frå staten til nye eigarar. Olje- og energidepartementet gjennomførte i juli 2004 eit sal av om lag 116,8 mill. aksjar i Statoil.

Statens eigardel i selskapet er etter dette 76,3 pst.

Inntekter

Transaksjonen blei gjennomført i to delar. Eit blokkosal utanom børs til investeringsbanken Lehman Brothers blei først utført etter ein internasjonal bodprosess. Totalt 100 mill. aksjar blei selde for kr 84,30 per aksje. Staten si inntekt frå dette salet var 8 430 mill. kroner. Aksjane blei selde vidare frå Lehman Brothers til institusjonelle investorar i Noreg og i utlandet. Lehman Brothers oppnådde ein pris på kr 85 per aksje ved dette salet. I tillegg gjennomførte staten eit sal av om lag 16,8 mill. aksjar til privatpersonar i EØS-området. Prisen per aksje var kr 85 som var lik den prisen dei institusjonelle investorane betalte. Inntektene frå dette salet var om lag 1 429 mill. kroner.

Inntektene frå sal av aksjar utgjer i alt kr 9 858 595 950.

Utgifter

Statens utgifter knytt til aksjesalet omfattar utgifter til rådgjevarar, provisjon og salskommissjon til tilretteleggjarar.

Olje- og energidepartementet sine utgifter til rådgjevarar omfattar strategiske, finansielle og juridiske tenester. Desse kostnadane var på om lag 12,6 mill. kroner.

Det var avtalt ei godtgjersle til tilretteleggjarane for salet av aksjar til privatpersonar på 0,7 pst. Provisjonen blei rekna av salsverdien av aksjane. I tillegg skulle staten dekkje bestillingskostnadar. DnB

NOR var ansvarleg tilretteleggjar for salet til privatpersonar. Det var avtalt ei fast godtgjersle for denne tenesta.

Utgifter til annonser i riksdekkjande og lokale aviser var på om lag 0,3 mill. kroner. Utgifter knytt til tenester frå Verdipapirsentralen var på om lag 1,1 mill. kroner.

Totale utgifter i samband med salet til privatpersonar var på om lag 12,5 mill. kroner.

Dei andre utgiftene til departementet i samband med førebuinga og gjennomføringa av salet er på om lag 0,1 mill. kroner.

Totale utgifter i samband med salet var på om lag 25,2 mill. kroner.

5 Oppfølging av oppmodingsvedtak nr. 469 (2003–2004)

I samband med handsaminga av St.meld. nr. 38 (2003–2004) Om petroleumsvirksomheten, fatta Stortinget 14. juni 2004 følgjande vedtak:

«Stortinget ber Regjeringen i samarbeid med oljeselskapene og leverandørindustrien foreta en gjennomgang av prosjektene nevnt i Innst. S. nr. 249 (2003–2004) som planlegges på norsk sokkel, og vurdere tiltak slik at de kan gjennomføres og fremskyndes.»

Prosjekta omfatta av oppmodninga er:

- Volve
- Tyrihans, undervassutbygging knytt til Kristin/Åsgard B
- Dagny til Sleipner
- Lavrans knytt til Åsgard
- Skinfaks/Rimfaks IOR
- Statfjord seinfase
- Klegg (har fått nytt namn, Vilje)
- Ekofisk disponering
- Nytt bustadkvarter Ekofisk
- Flyndre, ny brønnehovudplattform
- Ny plattform Valhall
- Skarv
- Frigg disponering

Departementet har bede operatørselskapa for dei nemnde prosjekta om å orientere om framdrifta av desse. Selskapa blei òg bedne om å gjere greie for kva som eventuelt kunne gjerast for å framskande prosjekta.

Selskapa opplyser at dei vil byrje på fleire av prosjekta tidlegare enn det som står i dei opphavlege planane. Fleire av selskapa skriv at det er viktig med ei forsvarleg gjennomføring av prosjekta og å la vere å ta forhasta avgjerder. Dette vil trygge kva-

liteten i alle trinn i avgjerdsprosessen. Ytterlegare framskunding av prosjekta vil kunne føre med seg negative konsekvensar med omsyn til kvalitet og tryggleik. Når det gjeld kva som kan gjerast for å tryggje ei positiv avgjere om utbygging, har nokre av operatørselskapa nemnd at endringar i dei fiskale rammevilkåra kunne vere ei mogleg handsrekking frå styremaktene. Andre selskap har peikt på forlenging av konsesjonstid som ein føresetnad. Departementet er òg kjend med at særskilde krav frå styremaktene med omsyn til HMS og ytre miljø kan vere ei utfordring, og for Statfjord Senfase kan slike krav medverke til at prosjektet ikkje blir vedteke.

Departementet har bede Oljedirektoratet (OD) om ei vurdering av selskapa si gjennomgåing av prosjekta. OD tykkjer at responsen frå selskapa i dekkjande grad er i samsvar med deira eiga vurdering av framdrifta i prosjekta, og at selskapa i hovudsak har realistiske planar. OD meiner det ikkje er tenleg med ei ytterlegare framskunding av prosjekta, og tykkjer at tidsplanen for nokre av prosjekta allereie er stram.

Departementet har sett i gong ein prosess i samarbeid med leverandørindustrien ved Teknologibedriftenes Landsforening (TBL) for å drøfte dei aktuelle prosjekta. Fleire møte er heldt, og departementet har presentert TBL for innhaldet i svara til operatørane, samt OD og OED si vurdering av desse. Industrien er såleis kjend med status for og framdrifta i prosjekta samt departementet sitt syn. TBL har sjølv nær kontakt med operatørselskapa. Departementet vil halde fram dialogen med TBL og operatørane i tida framover.

Med utgangspunkt i OD si vurdering og merknader frå industrien, meiner departementet at det ikkje er føremålstenleg å gjere særskilde tiltak for å framskunde prosjekta ut over dei tiltaka som allereie er vedteke.

Departementet følgjer systematisk opp alle olje- og gassfelt på norsk sokkel, medrekna prosjekta nemnd i oppmodingsvedtaket. Med omsyn til endringar i fiskale rammevilkår, som nokre selskap har peikt på, gjorde Regjeringa framlegg om nokre justeringar i petroleumsskattesystemet i Revidert nasjonalbudsjett 2004 for mellom anna å stimulere til ny aktivitet.

6 Bruk av fullmakter under SDØE

I samband med den årlege handsaminga av statsbudsjettet gjev Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet, jf. St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2003–2004). I til-

legg har Stortinget gjeve Olje- og energidepartementet fullmakter i samband med handsaminga av St.prp. nr. 24 og St.prp. nr. 41 (2003–2004), jf. Innst. S. nr. 65 og Innst. S. nr. 159 (2003–2004).

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruken av desse fullmaktene.

Fullmakt II – St.prp. nr. 24 og Innst. S. nr. 65 (2003–2004)

Innlemming av Kollsnesanlegga i Gassled

I 2003 bad departementet eigarane i Trollfeltet om å forhandle med eigarane i Gassled om å innlemme Trollgruppa sitt anlegg på Kollsnes i Gassled. SDØE har ein eigardel i Troll på 56 pst. og ein eigardel på 39,5 pst. i Gassled (inkludert eigardel i Norse Gas). Ei slik innlemming av anlegga på Kollsnes i Gassled ville innebere ei omstrukturering av eigarskapet i transportsystemet for gass. Derfor bad Olje- og energidepartementet i St.prp. nr. 24 (2003–2004) Stortinget om ei fullmakt til å gjennomføre og godkjenne dei transaksjonane som var naudsynte for å innlemme Kollsnes gasshandlingsanlegg i Gassled.

22. desember 2003 godkjende Olje- og energidepartementet avtalene om overføring av eigardelar i Kollsnesanlegga frå eigarane av Troll til Gassled. Overføringa var vederlagsfri. Eigarane i Troll er sikra bruksrett i anlegga.

Fullmakt VII – St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2003–2004)

Fullmakta om forenkla handsaming frå styresmaktene si side har vore nytta ved tre høve:

Oseberg vestflanken

Departementet mottok 20. oktober 2003 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Oseberg vestflanken. Oseberg vestflanken er planlagt som ei undervassutbygging med oppkopling til Oseberg feltcenter. Produksjonen er planlagt å ta til i september 2005. Rettshavarane i Oseberg vestflanken er Norsk Hydro Produksjon a.s (operatør), Petoro AS, Statoil ASA, Total E&P Norge AS, Mobil Development Norway AS og Norske ConocoPhillips A/S. Petoro er ivaretakar for SDØE-porteføljen for staten. Eigardelen til SDØE er 33,6 pst.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift budsjettert til 2 145 mill. 2003-kroner. Utbygginga vil føre med seg om lag 181 mill. kroner i investeringar og om lag 6 mill. kroner i kalkulatoriske renter for SDØE i 2004.

Plan for utbygging og drift for Oseberg Vest-flanken blei vedteken ved kronprinsregentens resolusjon 19. desember 2003.

Norne satellittar

Departementet mottok 5. mai 2004 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Norne satellittar. Norne satellittar omfattar funna Stær og Svale. Satellittane er planlagt som ei undervassutbygging knytt til Norneskipet. Produksjonen frå dei to satellittane skal etter planen starte i oktober 2005. Rettshavarane i Norne satellittar er Statoil ASA (operatør), Petoro AS, Norsk Hydro Produksjon a.s, ENI Norge AS og A/S Norske Shell. Petoro er ivaretaar for SDØE-porteføljen for staten. Eigardelen til SDØE er 24,5455 pst.

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift budsjettert til 3,5 mrd. 2004-kroner. Utbygginga vil føre med seg om lag 336 mill. kroner i investeringar, om lag 11 mill. kroner i kalkulatoriske renter og om lag 5 mill. kroner i driftskostnader for SDØE i 2004.

Plan for utbygging og drift for Norne Satellittar blei vedteken ved kronprinsregentens resolusjon 2. juli 2004.

Alvheim

SDØE har ikkje eigardelar i Alvheim.

Departementet mottok 30. juli 2004 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Alvheim. Alvheim er planlagt som ei undervassutbygging knytt til eit produksjons- og oljelagringsskip. Produksjonen frå Alvheim skal etter planen starte i 1. kvartal 2007. Rettshavarane i Alvheim er Marathon Petroleum Norge AS (operatør), Norske ConocoPhillips AS og Lundin Norway AS.

Dei totale investeringane er budsjettert til 9,2 mrd. 2004-kroner.

Plan for utbygging og drift for Alvheim blei vedteken ved kongeleg resolusjon 8. oktober 2004.

Fullmakt VIII – St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2003–2004)

Fullmakta om overføring av eigedomsrett mot bruksrett har vore nytta ved eitt høve i 2004:

Langeled og Gassled

Olje- og energidepartementet godkjende 23. juni 2004 ein avtale mellom rettshavarane i Langeled og Gassled om Langeleds tilknytning til Sleipner. I samband med utbygginga av røyrleidningen Langeled,

blir det bygd utstyr på Sleipnerplattforma som Langeled betaler. Utstyret blir overført til Gassled når det er ferdig. SDØE har ein eigardel på 32,9 pst. i Langeled og 39,5 pst. i Gassled (inkludert eigardel i Norse Gas).

Dei totale utgiftene er budsjettert til 812,6 mill. kroner. SDØE sin del av investeringane er 267,8 mill. kroner.

Fullmakt IX – St.prp. nr. 1 og Budsjett-innst. S. nr. 9 (2003–2004)

Fullmakta om overdraging av SDØE-eigardelar i utvinningsløyve har vore brukt ved to høve i 2004.

Utvinningsløyve 037D

Dei to funna/prospekta 33/9–6 Delta og MR Øst blei våren 2004 skild ut frå utvinningsløyve 037 (Statfjord) ved ei geografisk deling av løyvet. Det nye utvinningsløyvet er gitt som utvinningsløyve 037D. SDØE sin eigardel i løyve 037D var den same som i 037, 30 pst.

Våren 2004 blei rettshavarane i utvinningsløyve 037D, med unntak for Statoil, samde om å selje sine eigardelar til Revus Energy AS.

Økonomisk sett reknar rettshavarane i utvinningsstillatelse 037D funna/prospekta i utvinningsløyvet som marginale. Vederlaget for SDØE sin eigardel var 5,16 mill. kroner etter skatt.

Overdraginga av statens eigardel i utvinningsløyve 037D til Revus Energy AS blei vedteken ved kongeleg resolusjon 24. juni 2004.

Utvinningsløyve 309

I tildeling i førehandsdefinerte område i 2003, blei Norsk Hydro Produksjon a.s tildelt 100 pst. av utvinningsløyve 309. Løyvet omfattar blokkene 25/1, 2 og 5. Desse grensar til Osebergfeltet. Tildelinga til Hydro var mellom anna tinga av at rettshavarane i Oseberg Øst, Oseberg Unit og Oseberg Sør, innan eit år etter tidspunkt for tildeling, skal ha rett til å tre inn i utvinningsløyvet med sine respektive deltakardelar i Osebergområdet, mot å dekkje tilsvarende del av kostnadene som kjem på i samband med løyvet.

Dette var grunna i at det er gjennomført ei harmonisering av eigarinteressene i Osebergområdet. På grunn av at dei tildelte blokkene grensar til Oseberg, ville Olje- og energidepartementet sikre at nye felt som blir knytte til Oseberg får same eigarstruktur som Oseberg. SDØE har ein eigardel på 33,6 pst. i alle løyva i Osebergområdet.

I 2004 overdrog Norsk Hydro Produksjon a.s ei-

gardelar i løyve 309 til rettshavarane i Osebergområdet. Overdraginga av ein eigardel på 33,6 pst. frå Norsk Hydro Produksjon a.s til SDØE blei vedteken ved kongeleg resolusjon 24. juni 2004.

Bruk av fullmakter IV- St.prp. nr. 41 og Innst. S. nr. 159 (2003–2004)

Fullmakta til å inngå skyldnad utover gjeldande løyving under SDØE har vore nytta ved eitt høve i 2004:

Statleg deltaking i preinteressentskapsfasen knytt til ny røyrleidning for rikgass frå Statfjord

13. august 2004 vedtok Kongen at Petoro, som ivaretar for SDØE, kan ta del i preinteressentskapsfasen for vurdering av etablering av ein ny røyrleidning for rikgass frå Statfjord på norsk kontinentalsokkel til FLAGS på britisk kontinentalsokkel for vidare skiping av gass til St. Fergus i Skottland.

SDØE har ikkje eigardelar i Statfjordfeltet. I dei andre felta i Tampenområdet har SDØE ein eigardel på 30 pst. Selskap som ikkje har eigardelar i Statfjord, men som ønskjer å ta del i den nye røyrleidningen, må betale eit ikkje-refunderbart beløp på 1 mill. kroner for deltaking i preinteressentskapet.

Det kan vere aktuelt å sikre SDØE kapasitet i den nye røyrleidningen for å kunne transportere framtidige gassvolum frå felt i Tampenområdet eller nærliggande område. Kongen la til grunn at staten ved SDØE, som største eigar i Gassled og med ein brei portefølje, burde delta i dei aktivitetane og vurderingane som er knytt til eit eventuelt nytt interessentskap. Dette er for å sikre at statens økonomiske interesser blir best mogleg teke vare på. Petoro, som rettshavar for SDØE, kan i preinteressentskapsfasen ta del i avtaler som inneber forplikting av midlar for SDØE. Det vil likevel bli teke atterhald om at statens endelege avgjerd om deltaking og eventuell eigardel blir teke først ved godkjenning av plan for anlegg og drift.

Eigarskapet i røyrleidningen vil avhenge av kva for selskap som ønskjer å delta og kor store eigardelar dei vil ha. Kongen la til grunn at kostnader knytt til deltakinga i preinteressentskapet vil bli dekt innanfor gjeldande løyving.

7 Endringar i eigarskap i anlegg på St. Fergus i Skottland

Som ein del av utbygginga av Friggfeltet, blei det i si tid bygd to røyrleidningar for gass frå feltet til

Storbritannia; ein norsk og ein britisk. Den norske røyrleidningen er i dag Vesterled, som er ein del av Gassled. Frigg UK Association (FUKA) eig den britiske røyrleidningen.

Ilandføringsstaden for begge røyrleidningane er St. Fergus i Skottland. Ilandføringsterminalen blei bygt slik at nokre delar av anlegget er eigd av det norske interessentskapet, delar av det britiske interessentskapet, medan andre delar er eigde av begge interessentskap i fellesskap. Vesterled er i dag satt saman av eigardelar som er eigde og fullt ut nytta av Gassled og av eigardelar som er nytta og eigd i fellesskap med FUKA.

Gassled har sidan våren 2003 forhandla med FUKA om å modernisere og harmonisere avtaleverket knytt til transport av gass i Vesterled. Partane er komme til at det må gjerast ei endring i eigarstrukturen knytt til FUKA og Vesterled. Utgangspunktet til Gassled og FUKA er å oppheve sameiget og etablere 100 pst. eigarskap til dei ulike anlegga, anten for Gassled eller FUKA.

Marknadsverdien av eigardelane er tilnærma null. Overføringa av eigardelar skal derfor så langt som mogleg skje vederlagsfritt. Staten har ein eigardel i Gassled på 39,5 pst. (inkludert eigardel i Norse Gas). Eventuelle eigeidomsoverdragingar som omtalt ovanfor, vil ikkje medføre nokre endringar i staten sin eigardel i Gassled.

Olje- og energidepartementet ber Stortinget slutte seg til at staten ved Olje- og energidepartementet kan godkjenne at Petoro AS kan delta i dei naudsynte transaksjonane knytt til Vesterled og FUKA, jf. Forslag til vedtak III.

8 Utviklinga i Snøhvit-prosjektet

Departementet viser til omtalen av Snøhvit-prosjektet i St.prp. nr. 1 (2004–2005). Det har ikkje komme noko nytt kostnads- og tidsoverslag i forhold til det som har vore omtala tidlegare. Operatøren, Statoil, planlegg å komme med eit oppdatert kostnadsestimat og ein oppdatert tidsplan for prosjektet innan utgangen av året.

Statoil opplyser at arbeidet med landanlegget på Melkøya ved Hammerfest går tilfredsstillande. Feltutbygginga går òg etter planen. Dei har starta legging av felttrøya, og sidan riggstreiken no er slutt, kan boreriggen Polar Pioneer gjerast klar til mobilisering. Snøhvit-prosjektet jobbar mot utsegling av lekter med fabrikanlegg frå Dragadosverftet i Spania til Melkøya før 1. juli 2005. Den store uvissa rundt prosjektet er knytt til kor mykje arbeid som må overførast frå Spania til Melkøya. Aktivitetar for

å kartleggje omfang og førebu overføring av arbeid er satt i gang for å sikre at dei arbeida som er att når lekteren kjem til Melkøya sommaren 2005, blir gjort mest mogleg effektivt.

Ved førre rapportering for Stortinget i juni 2004, peikte ein på nokre hovudutfordringar som prosjektet da stod overfor. Situasjonen for desse er no som følgjer:

Kjølekompressorar

Testar gjort i mai 2004 viste at sentrale kjølekompressorar måtte modifiserast for å møte spesifiserte ytingskrav. Ei arbeidsgruppe med personell frå hovudkontraktøren Linde, produsenten Nuevo Pignone og operatøren Statoil har jobba med å definere og løyse problema. Nødvendige justeringar blei gjort sommaren 2004, og testane etterpå ga positivt resultat. Kompressorane med tilhøyrande generatorar er no frakta til Spania og montert på lekteren. Leveransane av kompressorane er samla tre til fire månader forseinka, og dette vil bli innarbeidd i oppdaterte tidsplanar for prosjektet.

Mobilisering av mannskap og produktivitet hos Dragados

Ein rekkje tiltak er satt inn for å betre situasjonen. Prosjektet har investert i hjelpeutstyr og hallar for å betre produktiviteten. Dei fokuserer også på plan-

legging av arbeid fram i tid for å sikre at ein har tilstrekkeleg og korrekt mannskap og utstyr tilgjengeleg heile tida.

Manglande og forseinka teikningar og materialar

Det er framleis fokus på leveransane frå hovudkontraktør Linde. Ein prioriterer arbeidet med teikningar og materialar slik at ein i hovudsak klarer å møte dag-til-dag-behovet på dei ulike byggestadene.

Det går for tida for seg ein uavhengig gjennomgang av kostnader og tidsplanar internt i Statoil, kor også lisenspartnarane deltek. Statoil har opplyst at dei tek sikte på å komme med oppdaterte kostnads- og tidsoverslag i løpet av desember 2004.

Departementet vil orientere Stortinget på egna måte når oppdaterte kostnadstal og tidsplanar for Snøhvit-prosjektet er tilgjengelege.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2004 m.m. under Olje- og energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar av løyvingar på statsbudsjettet for 2004 m.m. under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer av løyvingar på statsbudsjettet 2004 m.m. under Olje- og energidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2004 blir det gjort følgjande endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 31 552 000 til 55 452 000	23 900 000
1810		Oljedirektoratet (jf. kap. 4810)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 150 924 000 til kr 151 449 000	525 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med frå kr 55 600 000 til kr 73 600 000	18 000 000
1820		Norges vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 4820 og 4829)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 235 404 000 til kr 235 904 000	500 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir redusert med frå kr 54 000 000 til kr 49 000 000	5 000 000
	22	Sikrings- og miljøtiltak i vassdrag, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 69 250 000 til kr 73 350 000	4 100 000
1825		Omlegging energibruk og energiproduksjon	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir auka med frå kr 11 800 000 til kr 13 100 000	1 300 000
2440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten (jf. kap. 5440)	
	22	Fjerningsutgifter, overslagsbevilgning, blir redusert med frå kr 10 000 000 til kr 0	10 000 000
	25(ny)	Pro et contra-oppgjør, blir løyvd med	100 000 000
	30	Investeringer, blir redusert med frå kr 19 500 000 000 til kr 19 100 000 000	400 000 000
2442		Disponering av innretninger på kontinentalsokkelen	
	70	Tilskudd, overslagsbevilgning, blir redusert med frå kr 170 000 000 til kr 140 000 000	30 000 000
2490		NVE Anlegg (jf. kap. 5490, 5491 og 5603)	
	24	Driftsresultat	0
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter	-44 000 000
		Driftsutgifter	37 800 000
		Avskrivninger	5 000 000
		Renter av statens kapital	1 200 000
			0

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4810		Oljedirektoratet (jf. kap. 1810)	
	02	Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet, blir auka med frå kr 31 800 000 til kr 49 800 000	18 000 000
	03	Refusjon av tilsynsutgifter, blir redusert med frå kr 9 500 000 til kr 7 500 000	2 000 000
	04	Salg av undersøkelsesmateriale, blir redusert med frå kr 1 000 000 til kr 0	1 000 000
4811		Statoil ASA	
	90(ny)	Salg av aksjer, blir løyvd med	9 858 596 000
4820		Norges vassdrags- og energidirektorat (jf. kap. 1820)	
	01	Gebyr- og avgiftsinntekter, blir auka med frå kr 22 900 000 til kr 23 400 000	500 000
	02	Oppdrags- og samarbeidsvirksomhet, blir redusert med frå kr 41 400 000 til kr 36 400 000	5 000 000
	40	Sikrings- og miljøtiltak i vassdrag, blir auka med frå kr 14 400 000 til kr 18 500 000	4 100 000
4860		Statsforetak under Olje- og energidepartementet	
	70	Garantiprovisjon, Statnett SF, blir redusert med frå kr 11 900 000 til kr 11 400 000	500 000
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheten (jf. kap. 2440)	
	01(ny)	Pro et contra-oppgjør, blir løyvd med	120 000 000
	24	Driftsresultat, blir auka med frå kr 59 400 000 000 til kr 84 400 000 000	25 000 000 000
		Spesifikasjon:	
		Driftsinntekter	127 600 000 000
		Driftsutgifter	21 500 000 000
		Lete- og feltutviklingsutgifter	-800 000 000
		Avskrivninger	-14 200 000 000
		Renter av statens kapital	-6 700 000 000
			<u>84 400 000 000</u>
	30	Avskrivninger, blir redusert med frå kr 14 300 000 000 til kr 14 200 000 000	100 000 000
	50(ny)	Overføring fra Statens petroleumforsikringsfond, blir løyvd med	800 000 000
	80	Renter av statens kapital, blir redusert med frå kr 7 200 000 000 til kr 6 700 000 000	500 000 000
5490		NVE Anlegg (jf. kap. 2490)	
	01	Salg av utstyr mv., blir redusert med frå kr 1 200 000 til kr 500 000	700 000


II

Stortinget samtykkjer i følgjande:

Dersom driftsselskapet for LRA-deponiet i Sokndal kjem i ein situasjon der dei ikkje er i stand til å drive anlegget forsvarleg vidare, vil Kongen innanfor ei ramme på 5 mill. kroner setje i verk naudsynte tiltak for å sikre vidare drift av anlegget, eventuelt stenge ned og forsvarleg sikre anlegget.

III

Stortinget samtykkjer i at staten ved Olje- og energidepartementet kan godkjenne at Petoro AS kan delta i transaksjonar knytt til Vesterled og Frigg UK Association.





Trykk: A/S O. Fredr. Arnesen, November 2004